

Knut Ketilsson Homme, Valle.

Islandsferd 5. – 20. august 1964.

Eg reiste frå Valle i kveldingi 4. august i fager ettermiddagssol. Gamle Setesdal kvarv bak oss, og eg kom til Kr.sand i 9-tidi om kvelden. Torleiv Bø og eg var i fylgje. Etter ein liten pause der, og etter lapskaus til 4 kroner i magen, gjekk me på nattoget kl. 23.30. Me hadde sovevogn og sov det meste av vegen til Oslo. Der kom me kl. 07. Så gjekk me hit til Braathens SAFE's ekspedisjon. Der samlast deltakarane til Island seg (dei som skulle stiga ombord på Fornebu). Bussen gjekk kl. 07.45. På Fornebu tok me nærare i augnesyn dei hypermoderne bygningane som nyst er tekne i bruk. Det var storstila og flott. Der vart det ei liti ventetid til kl. 08.45, då me gjekk om bord på flyet, eit DC-6B 4-motors jetfly. Like etter letta det, og innover landet bar det. Det var strålande fint ver, lettskya, stilt og mildt. Under oss låg landet, lappute, gardar, skogar og vatn. Det er fyrste gongen eg har sett det slik, og det var moro. Me for over Møsvatn – strendene skin kvite – over Gaustatoppen, over snaue vidder; kom inn over eit tjukt skoddehav straks me var over Vestlandet, og pløgde oss tjukka lenge. Så tok flyet til å siga, landet kom til syne att, og om ikkje så lenge landa me på Flesland flyplass ved Bergen. Her vart det om lag 1 1/2 times stopp. Me måtte venta på flyet frå Vigra som kom med resten av ferdafolket, og så hadde flyet vårt ein lekkasje i brennlesystemet som måtte reparerast før me kunne fara vidare. Kl. ½ 1 kunne me stiga inn i flyet att, 86 passasjerar i alt. Me steig ut over øyane, og snart kvarv den aude og øyute Norskestranda for augo våre. Det var overskya over Bergen, men då me kom over havet letna det, og me hadde lettskya, fin himmel over oss og eit lettare skylag under oss. Sume stader var heilt klårt, og me såg Nordsjøen liggja spegelblank å sjå til, ca. 15-20.000 fot under oss. Medan eg skriv dette, er me framleis over Nordsjøen, og soli skin så vent i vengjene og kroppen på flyet. Under oss ser det no ut nett som om eg var nede på jordi og kika opp i ein lettskya himmel. Over oss er det heilt spegelblankt. Eg sit i berre skjorta, og temperaturen kan eg regulere som det høver meg, med å skruva på ein liten knapp ved sida av meg. – Me har nett hatt eit betre måltid no, ein herleg og kraftig lunsj med alle slag gode ting, og is, eksport, brennevin og kaffi etterpå. Det er 3 vakre, spenstige flyvertinner som står for serveringa. I ½ 5-tida er det planen me skal landa i Reykjavik (Keflavik).

Kl. 14.30. No kan me skimta Færøyane på venstre sida av flyet, seier hallo-mannen. Eg ser ikkje noko, for eg sit ved glaset på høgre sida, og der er berre skyer og blå himmel å sjå. Kl. 15.45. Stor handel i "butikken". Vertinnene svirrar omkring med brennevin, vin, sigarettar o.a. i haugevis, til redusert pris, som ferdafolket har bestilt. Eg tinga ei flaske Scotch whisky, Black & White, kr. 21, som er svært rimeleg. – *Reisekostnader til Oslo*, med eg kjem det i hug: Buss Valle-Oslo kr. 24. Tog Kr.sand-Oslo kr. 55,50 + soveplass kr. 15, samla kr. 94,50. – Det er svært behageleg å reisa med fly. Duren sjenerer noko, men det går veldig stilt.

Så skimtar me den islandske kysten, flat og grå, med sume grønne flekker inn i mellom. Store delta og breie, grå elvar går ut i havet. Me flyg langs kysten eit heilt stykke. Dei tettbygde Vestmannaøyane ligg rett under flyet. Den nokså nyskapte Surtsey andar røyk og eim utover havet, på venstre sida vår. Så kjem me inn over gråbrune heiar, og me gjer oss snart klare til landing. "Vi går nå inn for landing på Reykjavik flyplass. Fest setebeltene og slukk eventuelle sigaretter. Takk", seier flyvertinna. Så set me oss ned på stilt og roleg.

På Reykjavík flyplass er det blásande. Med bussar går det snart vidare til Reykjavík, til eit fint hotell, eller festsal åt Sjólvstendepartiet, der me får middag. – Så reiste gruppe for gruppe vekk; to grupper med fly til nord- og aust-Island. Me reiste med ein liten buss frá Reykjavík kl. ½ 5 (1/2 7 norsk tid). Det vart ein lang tur, 10-12 mil austover på nokså skranglne vegar, til *Tumastadir*. Me tok inn der på ein planteskule, ein av dei 4 slike i landet. Her er 2-3 låge, kvitmåla bygningar, og vide sletter omkring. Styrar her er no Gardar Jonsson, ein greileg kar i 40-årsalderen. Planteskulen har 350 mål jord til rådvelde. Me kan sjå den nye øyi Surtsey her utanfor, med ei stor røyksky over seg, endå skulen ligg langt inne i landet. Men me ser så vidt havet.

Torsdag 6. august. Strålande fint ver og veldig varmt. Islendingane seier at dette er den finaste dagen som her har vore i sumar, og det er også den finaste dagen me nordmenn har fått oppleva i år. Ein reint ut sjeldsynt dag. Me har planta *Pinus Contorta* (Contortafure), proveniens Skagway, Alaska, storleik 2/3, dvs. 5 år gamle plantor. Plantone var veldig store, gj.snittleg 30-40 cm lange. Eg tykte dei var i største laget. Me planta dei her oppe i bakkane på *Tumastadir*, ca. 3000 stk. i bakkehall, råmi grasmark med mykje mose i botnen. Svært fin brunjord var der.

Eg har vel gløymt å seia det – me er 10 stk. i vår gruppe. Romi våre har namn, vårt rom har namnet *Vidivellir* og her bur me: Knut K. Homme, Trygve Kvalvåg, Arne Solum og Petter Lied. På det andre romet, som heiter *Furuvellir*, bur Torleiv Bø, Ola Jarl Nedrelid, Arvid Målsnes, Olaf Sund, Bjarte Hallkjellsvik og Nils Støyva. På romet i mellom oss er 3 gjenter som arbeider i planteskulen: Gudrun Pétursdóttir, 19 år, Ásdis Erla Kristjánsdóttir, 16 år og Sigrun Gerdur Bogadóttir, 15 år. Romet deira heiter *Grenahlid*.

Fredag 7. august. Klårt eller lettskya ver i dag, stilt og fint. Me står ikkje opp før i 9-tida om morgonen, og me får mat kl. 9. I dag planta me i *Seljaland*, nokre mil lengre aust. Det var i ein bratt bakke opp frá slettene me planta, norsk gran, 4-års. Me hadde ein herleg dag. Det var så varmt at me gjekk nakne, berre i badebukser, og likevel var det så varmt at me gidde mest ikkje å gjera noko. Det er tjukk grasmark der me plantar, høgt gras, så ein kunne tru at plantane hadde vondt for å greia seg. Etter kveldetid for me heim om *Hlidarendi*. Det synte stovetuftene enno, ein lang jordvoll. Det var bygd ei kyrkje tett nedanfor tuftene, og ein gard låg tett ved. *Lidi var fager*, eirgrøne var bakkane, men utan tresetnad. Utsynet var vent, mot sør var det mest berre svarte øydemarka, utan vegetasjon, så langt ein mest kunne sjå. Så det var ikkje så vent nettopp, men det var storslege, og bak denne sletta steig dei høge og bratte *Vestmannaøyane*, og den nye vulkanøya med si høge soppsky til høgre for desse. I aust steig høge fjell opp, og *Myrdalsjökull* kuvde kvit på toppane.

På *Seljaland*, der me planta, var ein overlåg ven foss, som me var og skoda på. Han var vel om lag 50 m høg, datt ned frá eit fjell og rett ned på flatlandet, slettene. Fjellet var hola inn nede, så vatnet kasta seg utføre og i lause lufti rett ned i ei stor gryte (dam). Vatnet kom ut or fjellet mest oppe på toppen. Me kunne gå kring heile fosseⁿ innafor han, under fjellet. Der var fine, grasgrodde bakkar kring heile, under fjellet og innafor fossen. Skoddi stod kvit kring hylen. *Seljalandsfossen* heitte han.

Laurdag 8. august. Helst lettskya, godt ver, men stundom overskya, mildt og godt som før. I 10-tidi reiste me om *Hvolsvellir* til *Seljavellir*, langt austanfor der me var i går. Det var ein lang biltur. Me planta berre ei lita stund, tett ved ein vakker gard inst i ein vakker dal. Bonden der, ein koseleg, gamal kar, fylgde interessert med. Så lauga me oss alle herleg og lenge i eit laug som var bygt inst i denne dalen. Vatnet kom ut or slette berget, minst 60-70 grader varmt. Ein kunne ikkje halda handa i vatnet noko bel, så varmt var det. I bassenget var det varme vatnet blanda opp med kaldt, men det

heldt vel 26-30 grader. Det var helst i varmaste laget, men du kor herleg ei kjensle det var å plaska i det godslege vatnet. Det rauk og dampa frå vatnet i lauget. Eit par av gutane var så hardbalne at dei kasta seg ut i den iskalde bre-elva som rann stri framom i dalen, nokre meter nedanfor laugarstaden. Du, kor herleg eit land Island er, her er ein natur så ein kan gråta.

På tilbaketuren planta me nokre granplanter i eit plantefelt som ei kvinneforeining eig og har planta til, men mesteparten av plantene hadde dauda den fæle dagen 9. april 1963. Eg lyt fortelje noko om den dagen. Om dagen var det svært varmt for årstida, +15-16 grader, og plantene hadde vakna til liv etter vinteren. Om natta vart det frost, minus 15-16 grader, og størstedelen av alle plantene på Sør-Island dauda. Det vart ein "nasjonal syrgjedag". Mange dagars strev og slit, og mange års vokster var bortkasta. Mange av plantene var 7-8 år gamle og stod veldig fint. Ca. 500.000 planter i planteskulen her på Tumastadir strauk med.

Ja, så var det laurdagskveld og me skulle på fest. Me tok nokre små munnar før me reiste til *Hella* (utt. Hedla), ca. 2,5 mil lengre vest (mot Selfoss). Oddgeir køyrde oss med den bussen me oftast brukar om dagane. Torleiv Bø og Olaf Sund frå Østerdalen var ikkje med, elles var me alle. Fyrst tok me ein avstikkar til *Oddi*, eit gamalt lærdomssæte i eldre tid. Her var presteskule o.a. for lenge sidan. No stod det ei kyrkje der, og prestegard, og elles ikkje noko meir. Dei låg der som ute på ein "holme", på nokre haugar, ute på det mesta endelausa slettelandet. Ein av haugane var rar, ein topp i båe endar – og avlang. Oddgeir fortalde at etter segni skulle eit skip vera nedgrave her. Han fortalde òg at den tid då Oddi var i sin brage, då gjekk havet så langt inn at det var som ein odde der.

Tilbake til festen på Hella. Me kom der i 10-tidi. Det var eit svært fint og moderne lokale, Hellubio heitte det, og det var eit stort og knakande godt orkester frå Selfoss som spela. Men dei spela mest berre moderne rytmar, twist og rock og slikt noko. Der var mykje folk, og mykje fyll, fekk eg inntrykk av, då helst på slutten. 4-5 politimenn var der, men dei såg ut til å vera svært greie. Eg har aldri sett maken, så mykje vene gjenter som det er her på Island. Knakande fine, og med ein figur som Venus frå Milo kunne misunna dei. Dei er jamnast ljose, og slanke som seljeteinar. Det var som sagt mest twist og rock heile kvelden, og skal seie islendingane kunne twista, det var av alle krefter heile kvelden. Festen slutta ikkje før kl. 2. – Eg vart diverre så hås i dag, fekk vondt i halsen, og miste målet godtsom heilt. Så eg fekk ikkje konversera heile kvelden, korkje med karar eller kvende. Dei andre gutane hadde òg vondt for å gjera seg forståelege, endå dei hadde målet, for gjentene kunne ikkje noko større anten norsk, engelsk, dansk eller andre germanske språk, berre islandsk. Me kan helst ikkje skjønna islandsk, det er nokså rart, og så talar dei så fort. Arne Solum og Arvid Målsnes fann seg kvar si gjente, og dei fann ut at dei kom seg best fram med ei blanding av alle språk! Det var ein livat fest, og det gjekk nokså vilt for seg, men utan bråk av noko slag. Men musikken bråka no så ein kunne 'kje høyra mannemål.

Før me reiste inn på festen var me i lag med Oddgeir, og då vart me bedne inn av foreldra hans heime, som budde mest tett ved Hellubio. Me drakk kaffi og hadde det koseleg, og Arvid tok nokre slag på pianoet. Dei hadde det svært koseleg inne, men husa her tykkjer eg er for det meste små og låge.

Sundag 9. august. Delvis skya og ofte lettare skya, fint og varmt ver. Me stod opp i ½ 11-tidi. Så reiste me på tur til Hekla. Gardar køyrde. Me køyrde opp frå Tumastadir, opp over bakkane på dårlege vegar og sume stader over berre vollane. Me kom til den gamle garden *Keldur*, der dei gamle husi no er museum. Det var svært interessant å sjå. Husi var 700-800 år gamle, altså frå 1100-1200-talet, og

då eg stod inne i dei mørke køti, kjende eg meg standande som saman med dei gamle landnåmsmennene, med hærklede og pil og boge, og med hesten standande sala utanfor torvbuene. Buene stod i rekkje med gavlane side om side, mura opp av fin stein alle saman, jordgolv, og tekte med torv både over tak og vegger. Dei fall heilt saman med landet omkring, og på taka var graset nyslege. Tett ved stod ei koseleg liti kyrkje, bygd i 1875. Innreidnaden var enkel og svært gamaldags, men mangt av det minte meg om det gamle me har i Setesdal. Mangt hadde same namni òg: Bur, ker, reip, ljøre (glaset), stett osb. Ei underjordisk gong gjekk frå ein liten dal og inn i huset. Så hadde dei eit lite kvernhus i bekken ved sida, også tekt med torv heilt ned til jordi. I rekkja av hus i tunet var stove med mangfoldige rom, tadde i eit hus, fjøs i eit, smidje osb.

Tilbake til "våningshuset": Den eldste delen, 700-800 år gamal, hadde eit stort rom fyrst, bur til høgre, "kjøken" rett inn der i frå; til venstre soverom, stett oppå, og der tvo soverom, helst tenkte til gjester. Det kunne bu kring 20 menneske i desse husi. Treverket i taket var laga av drivtømmer, og alle romi hadde jordgolv. Der var nokre små glasglugg her og der. Tett inn til desse gamle husi var bygt nyare setehus av tre, men dei òg med jordtak og jordvegger. Desse var meir prega av nytidi. Det var 26 år sidan det hadde budd folk i desse husi. No var det bygd nye hus av tre eit stykke i frå, og ei stor driftsbygning i betong var under bygging. Garden var svært stor, folka der visste ikkje heilt kor stor han var! Tusenvis mål var han visseleg, men mesteparten var nok beiteland. Dei hadde 14 mjølkekyr, kring 200 sauer, 14-15 hestar, 2 traktorar osb.

Turen gjekk vidare til *Gunnarsholt*, og der tok me av på vegen til Hekla. Me for framom store gardar og vene åkrar; ein åker med toradsbygg var på 1500 mål samanhangande. Eg er svært imponert over viddene her. Me for framom *Akurholt*, ein gard som no er kurheim for alkoholskadde, og vart kalla Alkohol. Me køyrde over breie og djupe elvar, sandsletter og lavamarker, månelandskap. Til slutt krabba bilen opp nokre hengjebatte bakkar, og me måtte setja han ned på toppen. Hekla låg ruvande eit stykke frå oss med tjukke skyer kuvande om toppen; toppen som har gjeve frå seg så mykje eiter gjennom tidene.

Så stod me under Hekla. Ei merkeleg stund. Lavastraumane hadde runne som elvar ned over fjellsidene og ned i dalane, kolsvarte, breie straumar ned over. I milevis låg steinhaugane stuva i hop, underlege formasjonar som i ei onnor verd. Det var den nye lavaen som kom fljotande i 1947, då det siste store utbrotet kom. Denne ser svart og ny ut. Elles er det eldre lavamassar overalt, men desse er oftast overgrodde med gråmose. Øydemarker var det vidt omkring, pimpstein og sand. Andre stader hadde vore grasmark for nokre år sidan, men no svart øydemark pga. vinden og stormane. – Tilbake for me om Hella og til Tumastadir. Nordafor Hella var svære prærievidder og svært vent.

Måndag 10. august. Frå morgonen overskya, noko småregn; utover dagen lettare ver og ofte lettskya, solskin. Kaldare enn førre dagane. Me pakka og reiste frå Tumastadir i 10-tidi. Me køyrde til *Solheimarkot*; der planta me ein del gran. Der var planta før, men ein god del hadde gått ut. Ei eldre kone var ivrig med og planta, Matthildur Gottsveinsdottir. Så måtte me til gjestbods hjå bonden som åtte der. og dei dekkja på veldig svært av alle slag gode saker. Det var eit fint bord. Me skreiv i gjesteboki deira. I 5-tidi køyrde me vidare. Me var til synste pynten på Island, *Dyrholaey*. På ytste pynten stod eit fyrtårn. Havet mol djupt under oss, utanfor stupet. Så for me til *Vik i Myrdal*, lengre aust. Det er ein by med om lag 300 ibuarar. Eg likar meg ikkje noko godt her. Her er trongt, nokså stygge hus, mange av dei, og svarte "gater". Dessutan blæs det nokså kaldt i kveld. Me var ute og konverserte med smågjentene på kjoskane, og det gjekk godt. Då me kom til Vik, åt me ein kraftig

middag på "Veitinga- og gistihus", hotellet i "byen". Det er svært mykje eting med oss her på Island, og me er glade i mat og et mykje. Me skal liggja på skulen her, på ei matte på golvet. I morgon skal me fara vidare austover.

Tysdag 11. august. I natt som var regnde det nokså mykje. I dag har det vore overskya, noko skodde kring toppane, men elles fint ver, i alle fall opphald. I 10-tidi tok me til å planta i lii ovanfor "byen". Der var nokså mykje store steinar og svært høg vegetasjon, og såleis også god jord. I 2-tidi åt me nista vår, og planta så til kl. ½ 4. Frukosten åt me på hotellet, likeins eit måltid etter at me var ferdige med planting. Så tok me i veg vidare austover med dei to bilane våre. Me for over ei veldig stor sandslette, *Myrdalssandur*. Denne sanden er frå vulkanen Katla. Me køyrde om lag 3 mil utan å sjå eit grønt strå. På båe sider av vegen var det svart sand så langt auga rakk. Elles var det svære sletter med beiteland. Etter at me hadde fare framom nokre gardar, kom me til verdens største lavamark, *Eldhraun*. Det var vulkanen *Laki* som laga denne svære øydemarki i 1783. Steinen var helst dekt av grågrøn mose. Me køyrde minst 1 time før me var gjennom øydemarki. Sume stader var det store steinar, andre stader mindre. Sume stader var vegen ny og bein, andre strekningar hadde gamal, krokut veg. Me kom til *Kirkjubæjarklaustur* i 7-tidi. Det er ein ven stad med ein god del bjørk som er planta i lidi ovanfor. På gjestestova åt me ein solid middag. Her på staden har vore eit nonnekloster for lenge sidan, difor namnet *Kirkjubæjarklaustur*, men det syner ikkje noko att av det no. Her er ein del hus, gjestestove, handelsbu, post og telefon (postur og simi) o.a. Post og telefon er alltid i same huset her på Island. I kveld reiste nokre av gutane opp på heii for å fiska. Der er eit vatn som heiter *Systravatn*. To andre gutar er ute og kikkar etter gjentene, det stadig tilbakevendande problem. I natt skal me liggja på hotellet, 10 nordmenn + Gardar og Hjörtur på same romet, i køyer.

I Vik i Myrdal var det om lag 50 franskmenn som sette preg på "byen". Det var rakett-ekspertar som låg ute i "øydemarki" og dreiv øvingar med rakett-oppkjøting. I Vik hadde me i dag vitjing av dei norske reiseleiarane + skogdirektør Håkon Bjarnasson. Dei for omkring til dei 5 gruppene og skulle sjå korleis me levde.

Midvikudagur 12. august. Frå morgonen delvis skya, fint ver, ut etter dagen vart det lettare skya og svært fint ver. Det har vore svært varmt i dag, sikkert 25 grader. Me låg altså på eit herbyrge i *Kirkjubæjarklaustur* i natt. Etter ein god frukost køyrde me opp til *Holtsdalur*. Det var nokså lang veg dit inn. Fyrste stykket var det ein gardsveg, seinare gjekk det over haugar og hamrar innover den nokså tronge dalen. 8 gonger køyrde me over *Holtsá*, som rann det i krokur og krikkar. Der me planta hadde det vokse opp ein god del kratt; bjørk og vier, etter at jordi var innhegna. Der var svært god, djup jord, men dalut og bratt. Me planta ein god del planter der, inne mellom buskane. Så åt me av nista me hadde teke med. Etterpå låg me ved elvebarden og kosa oss lenge, i berre badebuksene. Det var så varmt at det vart mest for mykje. Petter Lied tok fiskestonga si og rusla opp i ein hyl i elvi, og nokre minuttar etterpå kom han att med to fine fiskar på rundt ¾ kilo kvar. Eg har aldri sett så kubne og feite fiskar før, og dei var illraude inni.

Etter kosetundi på elvebarden sette me oss i bilane og humpa vidare. Den forferdeleg vide lavamarki eg tala om før, *Eldhraun*, var om lag 2 mil brei der me køyrde, og sandsletta *Myrdalssandur* mælte me til 3,8 mil utan eit grasstrå. Her på sørkysten er det berre ein veg, og han er utsett for mange åtak frå den mektige naturen, lava, flaum og andre sterke naturkrefter. – Då me kom til Vik i Myrdal, fekk me oss ein god middag på hotellet, kokt fjellaure, blomkålsuppe og kaffi. I 11-tidi om

kvelden kom me tilbake til Tumastadir. Der fekk me oss kaffi att. No er klokka snart tolv, og nett no sit me med kvart vårt glas whisky. I morgon skal me fara vidare og flytja for godt frå Tumastadir.

Fimmtudagur 13. august. I dag vakna me opp på Tumastadir til grå himmel, låg skodde, men opphaldsver, og slik vart det heile dagen. Etter morgonmat pakka me saman alle sakene våre, og i 11-tidi sette me oss i "Martha", og ho frakta oss trygt til Selfoss. Det er ein liten by med om lag 2000 ibuarar. Fyrst gjekk me omkring i byen og handla litt og såg oss omkring. Etterpå bad Gardar oss med inn i sitt eige private hus der. Det var veldig moderne, flott og koseleg. Me fekk nokre makelaust gode drinkar, som gjorde oss godt. Eg og tre andre gutar ville ha oss eit bad, og det var det godt høve til. Selfoss har eit sværande flott innandørs bad med vatn frå varme kjeldor. Der var avkleddingsrom, dusjar, klosett, stor symjehall mm., alt så fint at du aldri skulle ha sett make. Sundlaug heiter badeanlegget. Det var herleg. Lauget kosta 19 kroner, dvs. ca. 3 norske kr. Så rusla me attende til huset åt Gardar og fekk ein drink til. Me kjende oss øre i hovudet alle saman då "Martha" drog oss eit stykke utanom Selfoss. Der åtte far åt Gardar eit stykke jord der dei hadde bora 450 meter ned i jordi etter varmt vatn. Og vatn hadde dei funne. Opp gjennom eit 5-6 toms røyr kom det sprutande vatn som var 93 grader varmt. Det rann etter ei veite, for det vart enno ikkje nytta til noko, og etter heile veita rauk det kvit eim. Klokka 4-1/2 reiste me til meieriet i Selfoss og skulle sjå på det. Her møtte me òg gruppe 1 frå *Haukadalur*, som me skulle vera i lag med resten av kvelden. Dei i gruppe 1 er 29 stk., 17 gjenter og 7 gutar. Me vart fortalde at meieriet var Nordens største. Det tok i mot om lag 35 mill. liter mjølk kvart år. Meieriet var svært stort, moderne og flott. Det var største bedrifti i byen og hadde rundt 250 tilsette i dagleg arbeid. Det var i grunnen meieriet som var opphavet til byen Selfoss. Då meieriet vart grunnlagt, var det ingen by der. Men etter kvart voks husi opp kringom meieriet, og no bur der om lag 2000 menneske. Byen er kring 50 år gamal. Meieriet er det einaste på sør-Island, og sjølvsagt det største på øya. Dei køyrde mjølka opptil 30 mil, frå produsent til meieri. Men frakti vart om lag den same for alle. Det er våeverk å sjå kor mykje sume bønder leverer. Mjølkerampene er store, ofte 3-4 meter lange og kring 1 meter breie, og det står fullt av spann der, sikkert 20 stk. a 40 liter. Mjølkebilane er innebygde og store. På sume stader greier ikkje mjølkebilane å ta mjølka frå meir enn 5-6 gardar, då er bilen full.

Tilbake til Selfoss by. Etter at me 35 stk. + leiarane i gruppe 1 og 3 hadde sett meieriet frå alle kantar, skulle me ha svær middag på Hotell Selfoss. Fyrst samlast me og fekk eit par skarpe drinkar, og etter at me hadde nòte dei, var me i god stim, vil eg seia. Me kjende det godt, helst i meste lag. Men dette tenkjer eg var gjort med eit føremål av dei som stelte dette til, slik at stemningi skulle verta høg. Og det vart ho. Me fann oss kvar si gjente og sette oss til bords, 4 stk. ved kvart bord. Eg sat ved ei som heitte Marit Gudbrandsen frå Østre Toten; ung, mørk og vakker gymnasiast. Middagen var aspargessuppe, laks og etterpå kaffi. Hovudet vart noko klårare då me hadde ete middagen. Så vart det dans i festsalen, og islendingar fekk òg vera med. Det var godt orkester som spela ei høveleg blanding av nytt og gamalt, og stemningi var på topp. Olafur Jonsson, bror til Gardar, og dei andre leiarane var meistarar til å få blanda alle saman. Det var mange fine gjenter og mange fine bunader, og "dansen gjekk lett over tilje". Det var òg leik. Klokka 1/2 12-12 var dansen slutt, og så skulle me ha mat att, skyr (utt. sjir) og mjølk som smaka veldig godt. Så var det avskil med gjentene frå *Haukadalur*.

Me skulle opp til *Tjorsárdalur*, 6 mil opp frå Selfoss, men me møtte mange vanskar før me kom fram: Ljoset ville ikkje verka, og bilen stoppa stundom. Men klokka 3 om natti var me framme ved skogshyttene i *Tjorsárdalur*, der me skulle bu nokre dagar.

Fóstudagur 14. águst. Då me reis opp i 10-tidi i dag, var det klårt og fint ver, mildt og godt. Utetter dagen skya det noko til og tok til å blåsa noko, men ein kan seia at veret var fint heile dagen. Me ligg 10 mann i ei hytte her oppe i dalen, sume i køyer og sume på madrassar på golvet. Så er her ei brakke som vert bruka til matsal og kjøken, og ei hytte er til lagerrom o.a. Det er svært idyllisk her. Bakkane omkring er kledde med låg fjellbjørk, og ei brusande å, Sandá, renn rett framom gjennom dalen. Det ligg nokre gardar eit stykke i frå.

I dag har me rydda bort bjørkekratt frå granplantene som vart planta av nordmenn for 3 år sidan. Sume bruka saks og andre øks. Me heldt på til klokka 6, då bar det heim til middag, sauekjøt og anna godt. Det er kona åt Gardar som er kokke her. Haukur, son hans, er òg med.

Langt oppe Tjorsárdalur, med vent og vidt utsyn over dalen, var det ein bonde som var gravlagd saman med hesten og hunden sin. Inne i tjukke skogen var gravstaden åt bonden, i vigd jord.: "Olafur Bergsson, bóndi frá Skridufelli, 1867-1944" (utt. Skriufedl). Steinen var ca. 3 m lang og 1,5 m brei med innfelt innskriftstavle. Eit stykke ifrå låg hesten hans, Blesi, 21 år gamal. Bonden hadde laga ein fin stein med innskrift over han.

Laugardagur 15. águst.

Helst lettskya, fint ver heile dagen. Halve dagen rydda me bjørkekratt mellom nokså store grantre i eit vent plantefelt oppe i Tjorsárdalur. Det var planta med norsk gran i 1948, og sume tre var 4-5 meter høge. I 1-tidi køyrde me heim til hyttene og fekk mat. Så tok me i veg på tur med "Martha". Me var innom eit stort og overlag fint "samkomuhus" på Fludir, med 600 sitjeplassar. Så for me vidare over *Hvítá* (utt. Kvitao) til Gullfoss. Det var ein gigantisk foss, høg og kvitbrusande. Vassrøyken fauk langt innover landet. Oppå stupet var ein restaurant, og der var mange turistar. Etter at me hadde skoda lenge og fått ein "biebiti" på restauranten, køyrde me vidare nedover og kom til *Skálholt*, det gamle bispesætet på sør-Island. Fyrste kyrkja vart bygd der i 1056. I 1309 brann ho ned, og seinare er det bygt fleire kyrkjer. Kyrkja som stod der no var heilt ny, bygd i 1956, innvigd den 21. juli 1963. Ho var stor, og moderne innreidd. Der var 8 klokkor, ei klokke var gjevi av Noreg, ei av Danmark, ei av Finland og to av Sverige. Så var der 3 mindre klokkor. Utanfor kyrkja tok me eit gruppebilette, og så køyrde me heimover og var framme i 8-tidi. Til middag fekk me laks og andre gode saker. Det var herleg. Det vart ikkje noko fest av i kveld. Me er så altfor langt inne i landet, 6 mil frå Selfoss.

Sunnudagur 16. águst. Lettskya eller delvis skya, sol av og til. Me er svært heldige med veret. Me reis opp heller seint, i 10-tida, åt morgonmat og stulla med ymse ting til kl. 12, då åt me middag, røykja sauekjøt (hangikjøt). Så tok me ut på tur. Gruppe 1 frå Haukadalur kom til møtes med oss, og me køyrde 1 buss og 2 store bilar opp gjennom Tjorsárdalur til eldgamal gard, *Støng*. 18 gardar vart gravlagde av pimpstein frå Hekla i året 1104, og mellom dei var *Støng*. Hustuftene vart gravne fram i 1936 (?). Det var eit stort rom, 18 meter langt og 7 meter breitt, matbu og eit anna rom på den eine sida, og husbondsrom i eine enden av langhuset. Midt i langhuset (stova) var eldstad, med nokre høge steinar (1/2 meter høge) omkring, og langs veggene, kring elden, låg folka. Det var sers forvitneleg å sjå. Det var eldstad i husbondsromet òg. Alt var mura opp. Garden låg oppe i eit bakkehall. No var det bygt eit tak over for å verna mot ver og vind. Eit stykke frå langhuset stod det ei smidje, med ein uthola stein til å ha vatnet i, ein hard stein til "sté" (ambolt) og nokre heller kring eldstaden. Elles var der eit stort fjøs med plass til om lag 15 kyr. Bås-størene var av oppreiste steinheller. Båsane var både svært stutte og smale. Gjødselrenna var hellelagd.

Eit stykke frá *Ásolfstadir* ligg ein haug som heiter *Gaukshøfði*. Her vart Gauk frá Støng drepen. Grunnen var at Gauk hadde vore saman med kona át ein annan mann, og denne drap Gauk. Me såg på staden der dei lauga seg, dei to. Det låg ovafor garden i ei logn og godsleg gryte med rare fjellformasjonar kringom. I ein stor og fin heller, der det var lagt steingjerde kringom opninga, vart hestane sette inn når dei leita etter sauene.

Frå Støng for me over til Tjorsá og ned langs denne. Her skal det lagast ein stor dam og eit kraftverk lengre nede. Elva var stor og hadde gråfarge. Det var ikkje så vondskleg å demme opp her, for det var berre sand og øydemark. Hekla låg eit stykke lengre aust med snø på toppen. Seinare stoppa me ved ein fin foss med to løp som rann saman. Så reiste me heim til Tjorsárdalur, medan gruppe 1 reiste heim til Haukadalur.

Me fekk oss mat og pakka så i hop alt me átte. Me skulle ha budd her i natt òg, men gutane var så øre å koma til gjentene i Haukadalur at det var 'kje "renn ell' styri". Så køyrde Gardar oss til Haukadalur, der me kom i ½ 9-tidi om kvelden. Me fekk husrom i ei skogshytte 3-4 km frá idrottsskulen, der gjentene bur. Me må liggja på madrassar på golvet. Fyrst avleste me pakket vårt, og så for me ned til skulen og drakk kaffi. Det vart ein del liv med gjentene etterpå, heilt til den gamle, ærverdige skulestyraren, *Sigurdur Greipsson* sa frá at det var leggjetid, kl. 12.

Mánudagur 17. águst. Veret var lettskya og fint heile dagen, men det bles noko og var kaldare enn før. Me stod opp kl. ½ 8 i skogshytta vår, pakka saman, og så kom Gardar og henta oss til morgonmat på skulen ved *Geysir* kl. ½ 10. Etterpå tok me 10 ein tur opp i skogen i Haukadalur og såg på skogen som dei fyrste norske skogplantarane planta i 1949. Mange tre var mannshøge og vel så det. Det var norsk gran. Norsk fure stod der òg, men den var lusut og heller ukjenneleg. Oppe i skogen var det reist ein bautastein over Torgeir Anderssen Rysst, norsk sendemann på Island i ein liten mannsalder. Det var han som fekk i stand utvekslinga av skogplantarar mellom Noreg og Island. Så var me bort til dei varme kjeldene som ligg berre ein liten stubb frá idrottsskulen i Haukadalur. Store geysir var heilt daut, koka berre, men kjelda *Strokkur* spruta med jamne mellomrom. Vatnet spruta 10-15 meter til vers. Det rauk og koka over eit stort område, og rumla under jorda. Gjentene der oppe hadde koka egg i ei kjelde.

Etter middagsmat, avskilstalar og diverse seremoniar drog me i veg mot Reykjavik. Me steig opp i "Martha" endå ein gong, den siste. Me for om *Laugarvatn*, ein ven stad ved vatnet, skulesentrum. Der stoppa me litt. Så køyrde me over heii og langs *Thingvallavatn*, framom husi át *diktaren Halldor Kiljan Laxness*, "Glovrastein" i *Mosfellsdalur*. Han hadde fine hus. I Mosfellsdalen var det ei mengd varme kjeldor før, no hadde dei forsvunde. Det varme vatnet var lagt i røyr og ført inn til Reykjavik til varme og hygge. No hadde dei teke til å bore ned i jordi i sjølve Reykjavik etter vatn, og funne store mengder, så det er ikkje noko problem lenger. Me vart innkvarterte på *Austurbæjarskolinn*, i klasserom. Me låg på gode madrassar på golvet, 7-8 stk. i kvart rom.

Om kvelden var me på restauranten "Glaumbær" saman med 6 vakre gjenter. Det var opptreden av ei nydeleg islandsk songarinne og ei songarinne frá Sør-Afrika. Ho både song og dansa og vrikka med kvinneleg ynde. Ho var mørk i hudi og grasiøs, ikkje rektig svart! Eg tykte der var litt mykje trommeslag, men der var òg mange vene songar. Særleg den islandske songarinna song med mjuk og yndefull røyst. Det slutta kl. ½ 12. Inngangspengar kr. 25, 1 drink Scotch whisky kr. 60 (Nkr. 10). Ein kveld utan noko serleg betydning. Det vart ein del preking i gangane før me la oss. Der trefte eg Ruth

Helgerud for fyrste gong. Ho hadde vore og planta på *Hállormsstadir* på aust-Island. Allè 5 gruppene kom tilbake til Reykjavik i dag og vart innkvarterte på Austurbæjarskolinn.

Thridjudagur 18. águst. Det har vore skiftande skydekke i dag. Frå morgonen var det lettskya, seinare kom det nokre hard-el med hagl oppe i *Kaldidalur*, men stort sett bra ver. Men dagen vart likevel dårleg når det galdt veret, for det bles ein kald og hard vind heile dagen, som gjorde det utriveleg. Me åt morgonmat på Austurbæjarskolinn kl. 8. I 9-tida sette me oss i bussane (2 stk.), alle deltakarane (70 stk. + leiarane + skogdirektør Hákon Bjarnasson og Sæmundsson) og drog på utferd.

Me tok vegen vestover frå Reykjavik langs kysten, kring heile *Hvalfjörður* og inn *Borgarfjörður*. Landskapet her var ikkje serleg vent. Det var helst skrinn jord med lite gras, og få gardar såg me. Då me kom inn i *Borgarfjörður*, vida landet seg ut og vart meir grøderikt. Me for framom jordbruksskulen på *Hvanneyri*. Her ikring var landet åt *Snorre Sturlasson*. Han åtte fleire store gardar og var svært rik. Her ein stad vart også *Egill Skallagrimsson* fødd (Borg). Me stogga på *Reykholt*, garden åt Snorre. Her er no bygd ein stor folkehøgskule på den høgdi der tunet åt Snorre eingong var. Ein må seia at det var eit stort feil å byggja her og øydeleggja heile tunet og viska ut alle fotefar etter sokeskrivaren. *Snorrilaug* låg eit lite stykke frå bygninga, med ei underjordisk gong som før gjekk innanfrå stova åt Snorre og munna ut tett ved laugget. Sjølve laugget var nett som i Snorres dagar. Det var sirkelrunt og fint mura opp av stein. Eg kunne tenkja meg at det var om lag 4-5 m i diameter og kanskje 1 m djupt. Varmt vatn kom frå ei varm kjelde i nærleiken og vart blanda saman med kaldt i ei onnor steinsett leidning, så det vart høveleg varmt. Det var kasta mange myntar i laugget av folk, men dei skulle ikkje vera der. Ein av deltakarane, Egil Lorentsen frå Stavanger-kanten, fekk seg då eit laug der, og han plukka opp myntane medan me andre fotografera og såg på. Tett ved skulen hadde kong Olav planta ei gran for nokre år sidan, som stod vent. I nærleiken av *Reykholt* var det mange varme kjeldor. Den største av dei gav frå seg 200 l varmt vatn i sekundet! Det var mykje drivhus omkring der.

Så drog me vidare til ein husmorskule i nærleiken av *Laugaland*. Der fekk me middag i store mengder og mangt godt. Så bar det vidare oppover dalen langs elva *Hvítá* (?). Landet var her skrinnare og gardane få. *Gilsbakki* var ein stor gard. Lengre opp i dalen for me framom nokre gardar som ein kunne kalla fjellgardar. Det var lavamarker omkring og aude fjell. *Kalmannstunga* var ein ven gard i eit audt område. Her omkring var det mange store hellerar og gangar under jordi (lavamark). Den lengste, største helleren på Island var her, *Surtshellir*. Han var over 2 km lang og svært stor. Me såg han ikkje. Her omkring var det ein del bjørkeskog i liene.

Etter at me hadde fare framom *Kalmannstunga*, tok me fatt på harde motbakkar opp mot høgden. Me kleiv opp til ca. 700 meters høgde over havet, på skral veg. Her var berre øydemark, stein og grus og stein, og ikkje eit grønt strå. På høgdi her møtte me haglver og sterk vind. Nede i *Kaldidalur*, der det bar nedoverbakke att, møtte me ein veritabel sandstorm. Me såg lite omkring oss, og vegen fauk att med sand. Deneine bussen vart ståande i den lause sanden, og ferdafolket måtte gå av og skuva. Men me kom då lukkeleg gjennom dette òg. Så har me då opplevt sandstorm i øydemarki òg. Det bar nedover gjennom skiftande lende, haugar, fjell, snaue vidder og liene med krattskog. Me kom til *Thingvallavatn* og *Thingvellir*. Her fekk me oss fyrst eit kaffimåltid på restauranten. Så såg me på *Almannagjá*, *Penningagjá*, *Løgberg*, *Øxaráfossen* og alt det andre der. På Lovberget heldt skogdirektør Bjarnasson ein tale om saga åt islendingane, som så sterkt er knytte til denne staden. Island vart busett av nordmenn frå år 874. Ingolfur Arnasson frå Sunnfjord var den fyrste som slo seg

ned. På stutt tid kom det mange nordmenn og busette seg. I året 930 vart Alltinget (*Allthingi*) skipa, som det fyrste kjende i verda. Det hendte på Thingvellir, som var ein lageleg samlingsstad for heile landet den tid. Her møttest dei ein gong i året, og Alltinget gav både lover og dømde i saker og tvistemål. Det vart halde 1000-årshøgtid her for nokre år sidan. I 1944 vart Island heilt fritt frå danskestyret, og den 17. juni 1944 vart den islandske republikken grunnlagd, med ei stor høgtid på Thingvellir. 17. juni valde dei som sin nasjonaldag. Det var fødselsdagen åt Jon Sigurdsson, som stridde så hardt for sjølvstende for Island.

Det bles kaldt og gjennomtrengjande gjennom Álmannagjá, og me var tunt klædde (etter den varmen som me hadde hatt), så me sette oss i bussane og tok i veg att. Det var nokså flatt og audt landskap til me kom ned i Mosfellsdalur. I 8-tida var me tilbake i Reykjavik etter den lange bussreisa. Etterpå fekk me fin middag på staden som me åt i gårkveld, festsalen åt Sjølvstendepartiet. Det er ein svært flott sal, med bar og gode greier. Om kvelden rusla me noko omkring i byen, men det bles og var kaldt. Trygve Kvalvåg og eg fylgdest. Me sat ei stund på ein kafe, så reiste me heim. Mange av folka var på dansefest på "Thorscafé", andre var på restauranten "Glaumbær".

Midvikudagur 19. águst. Lettskya, fint ver i dag òg. Me åt bitåe på Austurbæjarskolinn. Kl. 9 om morgonen køyrde me samla i 2 bussar til Nasjonalmuseet i utkanten av Reykjavik. Det var veldig gama å sjå. Kristian Eldjarn var direktør på museet. Eg har høyrte han tala på NRK før. Me såg ting frå dei eldste tider òg fram i gjennom. Island vart busett av nordmenn frå kring år 900 og framover (vikingtida), difor er dei eldste tingi ein har funne frå denne tid. Her var allslag reiskapar; spjot, piler, sverd og andre våpen; jordbruksreiskapar og fiskereiskapar. Me såg skjelett av menneske. Mange av dei noko yngre tingi var kjensklege og like dei me kan finna i Noreg frå same tid. Der var svært mykje interessant å sjå. I eitt rom var det berre norske museumsting. Det var ei gáve frå Noreg i høve 1000-årsfeiringi på Island. Eilert Kvernes (journalist) fotograferte meg med ein stor, rosemåla ølbolle i hendene. Etter at me hadde skoda vel og lenge på museet, sjaua me rundt i byen heile dagen. Me handla og skoda og gjorde oss kjende. Eg kjøpte 20 fargedias (15,50 isl. kr./stk.), prospektkort, eit skaut, oskefat i kopar, to vimplar, eit skopar av saueskinn o.a.

Klokka 7 om kvelden samlast me i festsalen åt Sjølvstendepartiet til avslutningsfest. Alle som hadde teke med bunad, gjekk i den. Me gjekk til fots frå skulen til festsalen. Det er nokså langt, og de kan tru me vart glodde på (ikkje eg, eg hadde ikkje bunad) av folk der me gjekk, for så mange og fargerike bunader (og gjenter) er det nok sjeldan dei ser i byen. Ruth og eg fylgdest. Ho hadde bunad frå Vest-Oppland, ovende ven. I parken, ved støtta til Jón Sigurdsson, samla me alle som hadde bunad og tok eit bilete av dei. Etterpå gjekk me inn i festsalen. Der vart det servert skarpe drinkar til dei som ville ha det, og alkoholfritt for avhaldsfolk. Det er fint med ein slik drink før ein festmiddag; det vert god stemning frå fyrste stund. Elles vert det lett noko stilt og trykkjande til å byrja med. Eg sat til bords med Kjellaug Kluken frå Nord-Trøndelag (Haukadalur). Det vart ein maratonmiddag. 4-5 rettar med alt ein kan tenkja seg, og så talar i lange banar, både frå islendingar og nordmenn. Det vart dela ut gåver og bore fram gode ynske. Gruppeleiarane fekk kvar sin slirekniv (dei islandske). Dei norske gruppeleiarane fekk kvar si tranlampe av dei islandske skogfolka. Etter 3-timars bordsete kunne me gå frå borda.

Så vart det spela opp til dans i salen. Det var eit svært godt orkester som spela, og dei fann fram meir norske og kjende dansetonar blanda opp med høveleg av moderne rytmar. Eg tala noko med to litt eldre damer som var svært interesserte i Noreg og nordmennene, og som symbol på venskapen og

sambandet mellom dei to landa gav den eine nokre av oss ein mynt kvar, eit minne om den siste kvelden på Island. Eg kom òg i tal med ein ung bonde og kona hans, som var innbedne til festen. Dei hadde 40 mjølkekyr, 30 hestar og nokre hundre sauer, ein vanleg gard på Island. Dei var òg svært gilde å tala med, spanderte øl og var koselege. Her på Island kan eg seia at eg så tydeleg kjenner at eg er komen til vener og frendar, ein kjenner seg så velkomen kvar ein enn kjem.

Det var leik og dans utover natta. Nærpå alle var på dansegolvet. Eg dansar ikkje og måtte difor berre sitja. Det er eit sørgjeleg tilvære når andre moroar seg og har det så opp i veret gama. Alle burde kunna dansa, det er noko av ei ålmenndaning. Men – men. Om lag klokka 2 vart festen avslutta, og me gjekk heim. Sume var litt "påsigla", og det vart noko preking og tøysing i gongi før me la oss.

Fimmtudagur 20. águst. Så er siste dagen vår på Island komen. Ingen av oss likar å fara heim no; me tykkjer me har vore her så altfor stutt tid, men opplevt så mykje, mykje. Det er så vidt me har slege oss ned her før me må reisa, tykkjer me, det hadde vore så gama å vore her lenger. Men – me må fylgja timeplanen vår, diverre. – Det er herleg ver i dag au, lettskya, men det blæs og er noko kaldt. – Me for litt omkring i byen i føremiddag, så måtte me pakka sakene våre og gjera oss klare til heimferd. I 11-tida kom me stangande ut or skulebygninga med hendene fulle av reisegods, ein del meir enn me kom med. Me skulle stiga på flyet på Keflavik flyplass, 5 mil frå Reykjavik. Då me hadde sett oss i bussane og leiarane "athuga" at alle var med, oppdaga dei at Bjarte Halkjelsvik i gruppa vår frå Tumastadir mangla. Dei leita overalt, men han var som sokken i jorda. Eg hadde vore i lag med han kvelden før, og han var i nokså god stim då, og han tok seg nokre grove drammar Black & White nett då eg skildest med han for å leggja meg i ½ 3-tida. Så eg ottast han kunne ha funne på litt av kvart etterpå. Me måtte berre reisa utan han – flyet kunne ikkje venta. Leiaren vår, Gardar Jónsson, var der, og han lova å leita etter Bjarte og køyra han til Keflavik dersom han fann han.

Vegen mellom Reykjavik og Keflavik var for det meste svært fin og brei, sement eller asfalt mest heile vegen. Men det var eit trist landskap me for gjennom. Berre grå lava – og atter lava godtsom heile vegen. Og sjølve flyplassen og NATO-basen låg her ute i øydemarka. 10.000 amerikanske soldatar låg det her, og dei hadde ikkje lov til å koma utom leiren og blanda seg med det islandske folket. Det var eit svært område, men ikkje serleg vent. På flyplassen fekk me kjøpa billeg brennevin, sigarettar og konfekt i "Duty free store". Det var endå litt billegare enn på flyet. Eg kjøpte 1 fl. Bells Scotch Whisky, kr. 20, 1 kart. Pall Mall sig. (200 stk.) kr. 12,60, 1 Kodachrome II film, 4,40 dollar, kr. 31,50 og 1 øskje konfekt, 0,60 dollar, kr. 4,30. Elles kjøpte eg nokre "souvenirs". Straks me skulle gå om bord i flyet kom Gardar med Bjarte. Han hadde funne han i byen, der han gjekk og vasa. Eg fekk ikkje greie på kva grunnen var til at han ikkje var til stades då me skulle reisa. Han var vel sjuk og ør i hovudet.

I 2-tida letta me frå Keflavik. Eg trur det var same flyet som me fylgde hit, det var i alle fall plent likeins. Eg kom til å sitja ved sida av 2 gjenter, ei frå Skjåk og ei frå Nes, Hedmark. Dei hadde vore på Island like lenge som me plantarar, kom og reiste med same flyet, men var ikkje med som skogplantarar. Dei hadde søkt, men ikkje sloppe inn som deltakarar. Men dei ville til Island likevel, og så reiste dei som vanlege turistar. Dei hadde fare mest over heile Island og sett mykje. Men det måtte verta dyrt for dei. Dei gjekk i lag på Vinstra landsgymnas i Gudbrandsdalen. Ho frå Skjåk gjekk på norrønlina. Det var greie gjenter.

Me hadde ovende vent ver på turen til Noreg, plent som då me kom hin vegen for 14-15 dagar sidan. Då kjendest me ikkje, nokon av oss; no var det ein flokk av gode kameratar, og me kjende dei fleste, endå om me hadde vore i hop berre vel 2 dagar (det galdt 3 grupper: Hallormsstadir, Akureyri og

Nordtunga). Gjentegruppa frá Haukadalur kjende me nokså godt etter kvart! Eg kjøpte 80 sigarettar, meir våga eg ikkje. Så kjøpte eg Cognac og sig. for dei to gjentene eg sat innmed; dei ville våga på det, endå om dei hadde for mykje. - Så fekk me ein god lunsj straks me hadde kome inn i vår faste luftbane. Det var alle slag gode ting, og vin, brennevin og kaffi. Det var svært greitt ordna alt saman.

Me fauk på støe vengjer austover, soli skein innover oss gjennom dei små glasi frå ein ljósblå kvelv, og under oss låg lette skyhausar over havet. Då me nærma oss norskekysten, tok soli til å verta låg, og ein ven og intens raudfarge la seg over synsrandi. Det var nauende vent. Etter nær 4 timars fjuking kom landet til syne, og me landa stilt og trygt på Vigra flyplass utanfor Ålesund. Her måtte me ta avskil med alle vestlendingane, og det var ikkje få. I vår gruppe var det: Petter Lied, Nils Støyva, Ola Jarl Nedreliid, Bjarte Halkjelsvik, Arvid Målsnes og Olaf Sund. Olaf ville vera med Petter heim, og så reisa over fjellet til Østerdalen sin. Me hadde òg andre gode vener som det var leitt å skiljast med. Når ein skal seia farvel, så tykkjer ein at ein kjenner vedkomande altfor lite, venskapsbanda er knytte, men ein kjenner eit sterkt ynske om å få vera i lag meir, råka kvarandre seinare, få byggja vidare ut det som så vidt er byrja på. Det er det verste av alt; å måtta skiljast med folk når det er plent på det gildaste; - og kanskje aldri sjå dei att meir -

Tale Skeidsvoll var det moro å verta kjend med. Ho var lærarinne utanfor Bergen, målven og idealist og eit godt menneske, så langt eg såg. Ho var så naturleg og liketil, lett og koseleg å røda med, og utan desse "moderne" grillone. Fyrste gongen eg trefte ho, på Støng, tenkte eg: Ho må vera lærarinne! Og det var ho altså. Eg veit ikkje kvifor ho såg ut som ei lærarinne. Kanskje fordi ho var så klokleg og førde seg så greitt. Ho var dotter til den kjende norskdomsmannen Agnar Skeidsvoll, redaktør i avisa Gula Tidend i Bergen, og Hogne Skeidsvoll, skrivar i Noregs Mållag, var bror hennar. Eg kjende godt desse namna, med di eg var fast lesar av Gula Tidend, og eg fylgde godt med i arbeidet i Noregs Mållag. Ho hadde vakse opp i sjølve Bergen, men likevel tala ho naturleg nynorsk, utan det minste snev av Bergens tonelag.

Det vart om lag ein times stogg på Vigra, så me fekk tid til å ta oss ein kopp kaffi før me for vidare. No måtte me sveiva klokka 2 timar fram, og då vart det brått seine kvelden. Den gamle læraren frå Fitjar på Stord (Gaute Åsbø?) gjekk av her på Vigra. Ein lærar av det trauste, gamle slaget, men ein original, ungdomleg inni, gamalsleg utanpå; grått hår og ein del snau, lange grå kjakepustar, skrukkut andlet og tannlaus munn, men òg svært sprek. Me hermdde så etter han, han var så løgleg å sjå på og noko av ein klovn, utan at eg trur at han ville vera det. Eg ser vel aldri han att meir, han var 74 år gamal.

Så steig me opp i flyet att, me som skulle til Fornebu. Trygve, Arne og eg slo oss saman og gjorde ferdig "diktverket" åt Petter, som han, med assistanse av andre, hadde grunda og skriva på om kveldane på Island. No mørkna det fort, og me såg ikkje noko av landet under oss. Me såg berre ein eldraud ljóske av den kvorvne sola i synsrandi. Etter om lag ein times fjuking kom me inn over Oslo. Det var eit vent syn. I vid omkrins var det ljós i alle fargar, eit hav av ljós låg under oss. Sløyfer av ljós stråla ut frå byen og utover landet. Det var gateljosa langs alle vegane som låg der som perler på snorer. Me fauk lågt over byen og landa snart på Fornebu. Me gjekk gjennom dei lange hallane og gjennom skrankane, men det vart ingen kontroll av reisegodset. Eg hadde berre med meg det lovlege kvantum av "tax free".

Så var det å ta avskil med kvarandre. Det vart mange handslag. Så vart deltakarane spreidde for alle vindar. Ruth skulle vera med foreldra heim; dei hadde kome for å henta ho. Ein flokk av oss fylgde Braathens buss til Oslo, og etter "farvel" og "takk for turen!"-helsingar drog me kvar vår veg. Trygve

var med meg til jarnbanestasjonen, eg ville sjå på togtidene, og eg kunne få bu hjå han òm natta dersom det ikkje gjekk fleire tog. Men eg såg då at det gjekk tog kl. ½ 12, og det var berre nokre få minutt att før toget skulle reisa. Det var flaks! Eg fekk i all hast takka Trygve for det gode reisefylgjet, kjøpa billett og hoppa på toget. Eg ville ikkje ha sovevogn. Det var lite folk i kupeen, og eg fekk vera for meg sjølv, slå setet lågt ned og ha det retteleg komfortabelt.

No då eg sat der på toget, åleine utan kjenningar, sansa eg fyrst på at turen til Island var definitivt slutt og alle plantekameratane spreidde over heile landet att. Det var trist å tenkja på. Vemodig. Eg hadde vakna opp or draumen. Ja, for det hadde vore ein draum, ein fager draum, frå ende til annan. Og no var turen berre eit minne – som vil leva i hugen så lenge eg lever. No venta Kvardagen att, ferien var slutt. – Eg småsov gjennom natta og kom til Kristiansand i ½ 8-tida. Eg fekk litt mat og steig på bussen til Setesdal kl. 08.45. Kl. ½ 3 var eg heime att.

Tankar etter Islands-turen.

Når eg no er heime att og tenkjer attende på turen, så er det mange tankar, stemningar og minne som dukkar opp. Turen vil vera eit minne for heile livet. Det er den lengste reisa eg til no har gjort i livet mitt, og fyrste *lengre* reisa utanfor Noreg, så det vil kanskje gjera sitt til at eg kjem til å minnast alt så godt og nært at eg har vorte så glad i Island. Men – eg trur 'kje det er berre det. Fleire av dei hine deltakarane hadde vore ymse stader utanlands før, og sume hadde tidlegare vitja Island, men dei sa alle at inkje noko land hadde drege dei så mykje og vorte dei så kjært som Island. Det galdt både landet og folket. No var me *sers* heldige med *veret* på denne turen. Veret er i dei fleste tilfelle heilt avgjerande for kor vellukka ein tur vert, og serleg når ein skal arbeida ute og vera mykje på farten for å oppleva natur og folkeliv. På Island hadde dei, likeins som me, hatt berre uver og kulde i sumar, men me kom med godveret og soli, sa dei. Så hadde me berre solskinsver, sumarvarme og mest ikkje vind heile tida me var der, 15-16 dagar. Me tok ikkje opp regntøyet ein dag, og eg veit ikkje kor mange dagar me laut hiva kledi og gå halvnakne, for det var så heitt, men det var ikkje få. Det er sjeldsynt å ha slikt ver, både på Island og i Norig. Og vinden – som me har høyrte at sjogar så ofte over landet der vest – den fekk me så vidt kjenna.

I gruppe 3 var me 10, og alle ungkarar! Alderen på oss varierte frå 20 år og opp til 67 år. Ola Jarl var yngst og Taddeiv eldst. Likevel tenkte me aldri på alderen – me var alle ungdomar. Me kom veldig godt ut av det med kvarandre trass i at me mange var nokså ulike, mange ulike typar til sinns. Stemninga var alltid på topp, humør og glede veik aldri frå oss, og me "sompast" svært godt. Alle var frilynde, og ingen av oss røykte! To var avhaldsfolk (Ola Jarl og Arvid), 8 kunne ta ein dram når det passa, men alle måtehaldsfolk. Dei to sa heller ingen ting om me andre tok ein drink, så me vart ikkje splitta på grunn av det heller. Det var svært greie karar alle saman. – I vår gruppe kunne me ikkje hatt gjenter med. Stundom låg me på skular, ungdomsherbyrge, i skogshytte osv., ofte alle i same romet. Det var trongt om plassen og ofte nokså spartansk, difor laut det vera ungdomar og gutar. Det vart jamt preka om gjentene og om at me hadde vorte tilsidesette på dette området, for i alle dei andre gruppene var det gjenter. Og me tala "vondt" om desse skogsjefane som hadde stelt oss så ille! Men me skjønna kvifor dei hadde gjort det såleis. Og som sagt: Humøret forsvant ikkje av den grunn.

Me i vår gruppe var heldige: Me fekk reisa og sjå så mykje. Dei andre 4 gruppene budde på same staden heile tida og fekk ikkje sjå så mykje. Det var berre utferdene om sundagane for dei. Me

derimot, me farta med "Martha" kvar einaste dag, låg på ein ny stad mest kvar einaste natt, og planta kvar dag på ein ny stad. Dette lika me. På den måten fekk me sjå mykje av landet, om lag heile syndre luten av Island – og læra mange folk å kjenna. Me var alle svært nyfikne. Me spurde og spurde – om alt mellom himmel og jord, og vel så det, og Gardar svara på alt han visste, og det var ikkje lite. Ofte kunne han få same spørsmåla fleire gonger, men han svara kvar gong like nøyaktig og var like blid. Me såg mange slag lende og landskap: Bårske havstrender (Dyrholaey, Vik i Myrdal o. fl.), svære øydemarker av sand – og av lava (verdens største lavamark), grøderikt jordbruksland så langt auga kan timja, gras og atter gras, vene gardar, eldgamle og nye; store elvar, sume gråkvite og sume klåre, sume som lukta svovel og forpesta lufti; små koselege bekkjer, vene vatn og tjønningar, store flokkar av hestar, kyr og sauer, underlege fjellformasjonar, Hekla med storkna lava i milevis omkring, jøklar med evig is og snø. Me har sett varme kjelder med underlege fargar, sprutande geysirar, kokande vatn or fjella, iskaldt vatn ved sida; lauga oss i både utandørs og innandørs basseng med vatn frå dei varme kjeldene. Me har køyrt over pimpsteinsletter og breie elvar, sett ov-vene fjell som strekkjer seg over 2000 meter til vers; me har sett landskap så vene at ein må ta seg saman for ikkje å gråta –

Me har sett det nakne og verbitne Island, og det same landet med vene bjørkekledder lier inne i dalane – og ungsog av bartre som strekkjer seg høgare i lufti for kvart år. Me har råka mange islendingar, tala med dei og vorte kjende med dei. Me vart vener med det same. Det strøymde venskap mot oss kvar enn me for. Me har sett mykje – og er glade for det.

Islendingane reknar at dei beste tilhøvi for skogen er på nord- og aust-Island. På sørkysten, der me var, er det vanskelegare å få oppskog. Der finst det ikkje naturleg bjørkeskog, nedbøren er stor, det kan vera store temperatursvingingar og vinden er lei. Difor var det me skulle liksom driva forsøksplanting. Me planta noko her og der, var heilt aust til Kirkjubæjarklaustur og langs kysten, og inn i lognare stader, som td. Tjorsárdalur. Alle stader der me planta var det planta før. Summe stader hadde det dauda ut mykje, serleg pga. temperatursvingingar i veksttida (i 1963); andre stader stod trea vene. Eg tykte den norske grana stod jamt over venast. Det vart ikkje så mykje me planta. Me farta for mykje. Seint reis me opp, åt i 9-tida og så då lang køyring. Stundom tok me ikkje til å planta før i 11-tida. Så hadde me ein matpause på godt ein time, ettersom det passa, og så kvelda me i 5-6-tida. Det vart ikkje så mange timar me planta kvar dag. Dei to siste dagane, i Tjorsárdalur, rudde me berre bjørkekratt. Heile tida på Island planta me 12.000 plantar, det vert 1200 til manns. Gruppa i Haukadalur (gjentegruppa, 24 stk.) planta i alt 45.000 plantar, det vert nær 2000 plantar til "manns". Gruppa på Hallormsstadur var best; dei planta 26.000 plantar, det vert 2900 til manns. (Dei var berre 9 stk., stundom 8.) Men dei hadde faktisk hatt det hardt stundom, byrja tidleg om morgonen og hatt lang dag. Så alle gruppene hadde det ikkje likt. *Av alle 5 gruppene vart det planta om lag 100.000 plantar på Island.*

Noko som me merkte oss med det same me kom til Island, og som fylgde oss heile tidi, var den store gjestevenskapen islendingane synte oss. Kvar me kom vart me godt mottekne. Når dei høyrde me var nordmenn, lyste dei opp, og dei tok til å spørja om Norig, og me vart vener med ein gong. Me tala kvar på vårt språk og prøva å skjønst så godt me kunne. Kvar enn me kom skulle me inn og sjala oss, og dei dekkja på det beste ein kan tenkja seg. Islendingane me trefte var alle så naturlege og greie, og me kjende oss som same folket (som me også er, frå dei eldre tider). Det var som me råka gamle kjenningar, og det virka nett som om dei nyst hadde flutt frå Norig til Island. "Hels til gamle Norig!" sa dei då me reiste. Eg gløymer aldri venskapen som skein oss i møte. Me tala alle, at me hadde aldri innbilla oss at det var slik. At mange hundreår kan skilja så lite.

Fortida tykkjest vera så klár og så nær. Nokre hundreår attende var 'kje noko for islendingane. Me var på Hlidarendi og stod på dei gamle tuftene til Gunnar, som levde for 7-800 ár sidan. Me var på Oddi og såg på det gamle lærdomssætet der. Me såg Snorrilaug som låg der likeins som i Snorres dagar; den gamle garden Keldur frá 1000-1100-talet osb. Det var bygt vidare på dette gamle, men alt var ei ubroti, tydeleg line. Dei fortalde ei soge, ein tilburd. Når hende dette?, spurde me. Å, det var for 2-300 ár sidan; det var på 1400-talet, kunne me få til svar. Det var ikkje lenge sidan. Og me såg merke etter dette gamle kvar me for, i hus og jord – tydelege og levande, og dette nye var kome seinare, som ei naturleg utvikling. Eit hundreår var lagt til, og ein ny stein lagd på gjerdet.

Eg visste ikkje mykje om Island før eg reiste. Det galdt både land, soge og folk. Det er ei skam å seia, men det er sant. Ein burde ha sett seg grundig inn i t.d. sogu før ein for til landet, det hadde ein hatt stor bate av. Då visst eit sovore land som Island, same folket, same språket på ein måte, og så mykje samband det har vore mellom dei to folki gjennom tidene. Island er full av historiske stader, og me veit om det, takka vere den store historiske interessa hjå islendingane, som gav seg utslag i den rike skriftradisjonen, ein verdsarv som er heilt makelaus. Me tala det alle, at me burde ha sett oss betre inn i sogu før me reiste. No har interessa fata tak. Eg skal nok lesa dei gamle ættesogene og den norrøne litteraturen i det heile, har eg sett meg føre. Og heile den norrøne litteraturen står i bokhylla mi! Så kan ein setja alt på den rette plass.

På same måten måtte eg nok revidera den gamle oppfatninga mi av sjølve landet. Eg hadde t.d. aldri tenkt meg at det var *slikt* eit jordbruksland. Mesteparten av den store lågsletta i sør var veldig grøderik og fin. Der var enorme vidder, sletter så langt auga nådde. Her var svære gardar, sume kunne ha 80-90 kyr, 30-40 hestar og fleire hundre sauer. Mykje av jordi vart bruka til beite. Jordi var svart og djup, og såg ut til å gjeva store avlingar når ho vart drivi godt. Men med slike vidder var det nøydd til å verta nokså ekstensiv drift. Poteter var det på kvar gard, men åkrane var ikkje serleg store. Kornåkrar var det ikkje så mykje me såg av, men dei me såg var jamnast store. Dei tok til å skjærna då me var der. Summe stader såg me grønforåkrar (havre). Høybergingsmåten var å slå ned i godt ver, late det turke, vende det, og når det var halvturt, la dei det opp i store såter. Som regel la dei så ein stor striesekk over såta og batt eit snøre med ein pinne i enden i kvart hyrne, og slo så pinnen i jorda. Dette var vel for at vinden ikkje skulle reisa med høyet at dei tjora såtene slik. Så let dei såtene stå slik i 2-3 veker og turka, før dei køyrde det inn. Det var svært varmt og godt ver då me var der, og det stod mykje såter utover vollane. Me var ut på vollen og trivla såtene. Dei var seige og varme, og det var freisteleg å riva dei ut, i det fine veret. Eg tenkte at høyet ville mygla når det var seigt og varmt, og tett under sekken. Det var vondskleg å sjå såtene, og ikkje nytta det gode veret. Men såtene låg. Me spurde Gardar kvifor bøndene stelte seg så dumt. Nei – i det gode veret var det om å gjera å slå ned og få i såt så mykje som råd. I Kleinare ver kunne dei heller køyra inn såtene. Og me skjønna at bøndene stelte seg rett! Ein må arbeida etter som naturen og klimaet er på staden.

Noko som me la merke til på gardane på Island var at det jamnast var helst uryddig og stygt kringom husi. Reiskapane stod ute i røt og regn og rusta, og ute på vollane kunne det stå gamle maskinvrak og øydeleggja eit elles vent utsyn. Det ville vore mykje venare om dei hadde fjelga og pynta kring husi. Men det er vel vanskeleg å verta kvitt gamalt skrap på dette flate landet, ein ser alt slik som det er. Inkje skogholt og runnar å løyna noko i. Ein måtte vel helst grava det ned i jordi, skulle ein verta kvitt det. Husi på gardane var helst små, jamnast berre ei høgde. Uthusi like eins, låge og små. Me undra oss over at dei kunne få grøda frå dei store gardane inn i dei små uthusi, men løysingi var at dei hadde fleire små uteløper utover vollane, og lagra det der. Summe hadde sauettalle i samband med

uteløene og gav opp foret på staden. Jordbruket var mykje mekanisert. Dei fleste gardane hadde fleire traktorar med reiskap, og ein Land-Rover var den jordbruksgogni ein såg jamnast. Kom ein ut på vegen, så var desse bilane jamt å sjå. Dei var hendige og solide på desse viddene og dårlege vegane. Staten hadde gjort Land-Rover'ane billege i innkjøp med å ta små avgifter. Om lag 15.000 Nkr. kosta dei. Folk hadde vorte dus med maskinane. Smågutar og halvaksne jenter køyrde traktor og bil som øvde mannfolk. Hesten var det mest slutt med å bruka til gardsarbeid. Det er mykje hestar på Island, men dei vert mest berre bruka til ridedyr (populært blant turistane).

Det vart drive ei storstila *grøfting* utover flatlandet. Store gravemaskinar tok opp godtsom milelange kanalar utover slettene. Eg veit ikkje om dei skulle leggjast att eller vera opne, men når dei var så store, så kunne ein tru at dei skulle vere opne. Jordi var like svart og god djupt nedi. Elles tyktest jordi verta drivi nokså ekstensivt, noko som er naturleg med dei store viddene og dei klimatilhøvi som rår der. Mykje av gardane vart bruka som beiteland til dei store buskapane. Me såg både store og små høyavlingar. Bøndene brukar vel mindre kunsthevd pr. dekar enn i Noreg, når dei skal hevda så vide vollar. Graset tyktest jamt vera stutt, men tjukt. Det hadde vel vore vondt å hesja. Apropos hesjer, me såg ikkje ei einaste hesje der me for. Dei hadde vel blåse ned av vinden om dei hadde bruka denne bergingsmåten.

Tilbake til husi. Dei var utan unnatak kvitmåla, med raude steintak, setehus og uthus. Det verka reinsleg og koseleg. Men dei gamle husi, mura opp inn i bakken med grønt gras over heile, var meir romantiske og fall heilt saman med landskapet. Nyare hus var helst av betong. – Det var mykje kyrkjer ut over bygdene. Var der nokre gardar, så var der ei kyrkje. Kyrkjene var små og koselege og verka som eit samlande merke for folket som budde der.

”Flukta frå landsbygda”-problemet var endå større på Island enn her til lands. På bygdene var mest ikkje vaksen ungdom att. Dei var farne til byar og bygdesentra. Reykjavik var største magneten. Gode løner og meir komfort lokka. Arbeidskraft var mangelvare overalt i landet, så sysselsetjinga var mest 100%. – Det var svært mykje vene jenter å sjå på Island, slanke, stilige og greilege. Dei fylgde med tidi og var vel så moderne som dei er her til lands. – Alle offentlege bygningar var svært flotte, t.d. forsamlingshus og skular. Alt var tipp-topp moderne. Utover bygdene var fine ”samfunnshus”, der det var teaterframсыningar og kulturprogram. Der kunne òg vera dansefestar. Skulane var svært fine. Dei vart bruka som hotell om sumaren (dei har 4 månaders skuleferie), difor kunne dei byggja skulane så mykje flottare. Born som hadde lang skuleveg budde på internat.

I det heile er det svært mange og skiftande inntrykk som sit att etter Islands-turen. Men alle inntrykk var gode og morosame – og dei gilde dagane vil sitja att i minnet mitt og gje meg ei rislende glede kvar gong dei dukkar opp att. Landet og folket fengsla meg. Eg vart glad i dei – og eg har att ei still von om å få koma attende og få helsa på frendane mine vest i havet – ein gong.

Etterrakster: 23 syslu (fylke) på Island. Planteskulen på Tumastadir starta i 1944. Denne skulen selde 400.000 plantar kvart år. Det er 4 planteskular for skogplanting. Det er 800-900.000 vinterfora sauer på Island. Sume bønder har opp til 1000 vinterfora sauer; vanleg er 300-400 vinterfora søyer. - Frå vulkanen Katla kjem aldri lava, berre pimpstein og sand. Vulkanen Laki var det som laga verdens største lavamark i 1783. Vulkanen Askja hadde siste utbrotet i 1961. Hekla hadde siste utbrotet i 1948. Katla hadde siste utbrotet i 1918.

Namn og adresser på sume av dei eg var saman med:

Gardar Jónsson, Hladavøllum 8, Selfossi ✕ Haukur Gardarsson (son hans, 8-9 ár gamal) ✕ Jónína Guðrún Einarsdóttir, Nýbýlaveg 3, Kópavogi ✕ Guðrún Pétursdóttir, Núpi, Fljótshlíð ✕ Guðrún Indridadóttir ✕ Asdís Erla Kristjónsdóttir, Tjörn, Thykkvabæ, Rangárvallasýslu ✕ Sigrún Gerður Bogadóttir, Hlíðarbæli, Rangárvallasýslu ✕ Anna Sigurdardóttir, Stöðlakoti, Fljótshlíð, Rangárvallasýslu ✕ Huguína Ólafsdóttir, Vatnskoti, Thykkvabæ, Rangárvallasýslu ✕ Sigríður Th. Ingvadóttir, Kollabæ, Fljótshlíð, Rangárvallasýslu ✕ Katrín Ingvadóttir, Kollabæ, Fljótshlíð, Rangárvallasýslu ✕ Hilmar Einarsson, Hvolsvelli, Rangárvallasýslu ✕ Oddgeir Arnasson, Hella.

Arne Solum (1942), Spillum i Namdal ✕ Ola Jarl Nedrelið (1944), Hjørungavåg ✕ Nils A. Støyva (1933), Byrkjelo i Nordfjord ✕ Trygve Kvalvåg, Torshovgt. 33, Oslo (Birkestrand, Nordmøre) ✕ Arvid Målsnes, Balestrand i Sogn ✕ Bjarte Halkjelsvik, Volda ✕ Olaf Sund (1940), Hanestad, Ø. Rendal ✕ Petter Erling Lied (1934), Liabygda, Sunnmøre ✕ Torleiv Bø, Valle.

Tale Skeidsvoll, Eidsvåg i Åsane ✕ Kjellaug Kluken, Stod, Nord-Trøndelag ✕ Olaug Husby, Åsen st., Nord-Trøndelag ✕ Marit Elisif Gudbrandsen, Lena st., Ø. Toten ✕ Tordis Ødegaard, Reinsvoll, V. Toten ✕ Jorunn Berg, Bøverbru, V. Toten ✕ Dagrunn Eldrid Kaldhusdal, Tafjord ✕ Solveig Roaldkvam, Bø i Telemark ✕ Ruth Helgerud, Helgerud gård, Gjøvik ✕ Oddveig Lien Bustad, Skjåk ✕ Eva Jonsrud, Grefsheim, Nes, Hedmark.

Desse 16 sidone eg hev skriva frá Islandsferdi er ordrett avskrift av det eg skriva på turen og med det same eg kom heim. Eg hev ikkje villa redigere, stytte eller endre nokon ting, for det skal syne alle mine opplevingar, reaksjonar og vurderingar slik dei var nett då, 25 ár gamal og ute på mi fyrste flyreise og lengre utanlandsferd. (Før hadde eg berre vore til Gøteborg, i utlandet.) Skildringi er lang og omstendeleg, men det syner kor vitehuga og open eg var for alt det nye, ikkje minst fordi eg allstøtt hev vore interessera i gamal soge og i språk. Valet av Island kunne ikkje vore betre. Det var Det Norske Skogselskap som skipa til turen. Det er ei utveksling av unge skogplantarar, så Noreg tok i mot ei liknande gruppe frá Island. Eg veit ikkje kor lenge denne kulturutvekslingi heldt på, eller om ho framleis finst. Eg minnest ikkje om eg betala noko for turen, eller om han var vederlagsfri. Det skulle vise seg at reisa fekk større innverknad på meg enn det som er skriva her.



Gruppen vår er samlet foran kirken på Skalholt. Fra venstre: Nils A. Støyva, Byrkjelo i Nordfjord, Knut K. Homme, Valle, Arne Solum, Spillum i Namdal, Olaf Sund, Hanestad, Bjarte Halkjelsvik, Volda, Arvid Målsnes, Balestrand, Torleiv Bø, Valle, Petter E. Lid, Liabygda, Trygve Kvalvåg, Oslo(Nordmøre), Så følger skogforvalter Gardar Jonsson og sønnen Haukur.

Fotograf er Ola Jarl Nedrelid, Hjørungavåg også deltaker i vår gruppe.